



Ronny Nævdal
Skauvegen 451
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1357 - 16/10636

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.04.2016

Registrert lause skiljevegg i septiktank. Varsel om vedtak om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 44/19 Skauge

Lindås kommune har 19.04.16 motteke melding frå Jonny Birkeland Transport AV om feil på anlegg i form av lause skiljevegg i septiktank på eigedommen.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Lause skiljevegg må utbetrast/festast. Frist for arbeidet vert sett 19.05.16.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.



Når feil/mangel er reparert må du/utførande rørleggjar fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

Bilde

Bilde

Mottakarar:

Ronny Nævdal

Skauvegen 451 5957

MYKING